

KAPITTEL 4 – DENNIS

Det er ikkje ofte at Dennis spring. Det skjer i alle fall ikkje når gymmlærar Frida står og roper at han *skal* springe. Men no skjer det. Regn og snø piskar mot ansiktet, det blæs alle vegar. Skulen er redninga, utruleg nok.

Som om det ikkje var ein dritmorgon frå før. Pappa hadde masa før han gjekk i dag tidleg. Om han ikkje gledde seg. At dei skulle planlegge jula i ettermiddag. Kva treng dei av gåver, mat og pynt? Dennis kunne ikkje brydd seg mindre.

Han sparka borti ein sekk som låg midt i vegen på veg til plassen sin i klasserommet. Kanskje to. Overhørde sure rop. Folk fekk då passe på tinga sine. Det var ikkje hans problem at det låg ting akkurat der han skulle gå.

Han søkk ned på plassen sin, søkk ned i tankane. Korleis skal jula bli? I alle fall ikkje slik pappa trur. Det blir ikkje som på tv. Det er lenge sidan han har sett mamma no. Er ho som før?

– Dennis! Jorda kallar!

Han ser fort opp, alle ser på han. Tor har nok prøvd å få kontakt ei stund. Har timen begynt? Føkk dei flirfulle blikka.

– Du trekker i dag, kvittrar Tor. – Kven får gåva?

Dennis geiper, men trekker ein lapp ut av nisselua. Brettar han fort ut.

– Merida, seier han og kastar lappen over skuldra.

Merida og gjengen hennar jublar. Ho tek imot og pakkar opp eit eller anna han ikkje veit kva er, og ikkje gidd å sjå på. Gåver er noko tull. Berre dyrt, og å gi bort noko ingen bryr seg om, kva er vitsen med det? Han har inga ønskeliste til jul, sånt er for småungar.

Men han hadde gjort som Tor hadde sagt. Tor var eigentleg grei, og Dennis var ikkje alltid så grei mot han. Men Tor var læraren, laga reglar som var umoglege å halde, oppgåver og prøver som fekk det til å klø i bein og armar, gjorde ofte at han berre måtte krølle saman eit eller anna, måtte berre sparke i noko, måtte ut. Tor pleidde å kome etter, og Dennis hadde bedt om orsaking for at han reiv i stykke skjorta til Tor ein gong, og at han sparka sund den døra. Det er lenge sidan no. Han er ikkje så ofte sint lenger, ikkje slik at han øydelegg så mykje. Det er mest slik at han berre må unna dei andre, han kan sitje på stolen og sjå ned, vere i ei anna verd. Han ser ikkje kva som skjer, høyrer ikkje, før nokon roper eller ler.

Så kanskje hadde han litt dårleg samvit, og gjorde som Tor sa. Han kjøpte ei gåve og pakka henne inn. Gåve til mamma, som pappa masar om, har han ikkje kjøpt. Har ho fortent det, liksom?

Skuledagen sniglar seg av garde, han berre ventar på at han skal gå over. Då han skal pakke saman og endeleg gå, ser han lappen på pulten. Ein papirlapp. Bretta to gongar.

«Ingen i klassen har vakrare auge enn deg».

Hæ?! Han blir heilt flau over at nokon kan skrive noko så tullete, riv lappen i fleire bitar og kastar han i søpla så ingen skal sjå.

Han kan ikkje la vere å møte sitt eige blick i mobilskjermen rett etterpå. Han ser etter. Granskar seg sjølv. Det er ikkje noko spesielt med auga hans. Kven kan finne på å skrive noko så dumt?